

132KV-linje Bu

1. Estetiske og visuelle omsyn.

Noverande lufttrase er skjemmande. Ny linje vil truleg verta høgare og meir skjemmande.

Luftspenn er til sjenanse for fleire innbyggjarar på Indre Bu, fordi den kjem midt i glaninga framfor stovevindauga.

Luftspenn vil også vera til hinder for turisme og planlagt Inn på Tunet aktivitetar, der urørt natur er ein del av konseptet.

Om 132 Kv linja vert lagt i luftlinja vert denne truleg den einaste synlege luftlinja over Bu om nokon år.

2. Samordning av infrastruktur for å redusera miljøpåverknad.

Ved å velgje luftlinje aukar faren for skade på fauna og skog. Me har mange ulike artar av fugl på Bu - hubro, ugle, tårnfalk, hønsehauk, ørn, spurvehauk er artar som er på Bu. 22 kv linja skal mest truleg i kabel over Bu i framtida, og ein kan leggja til rette for at røyr alt no vert lagt ned i same grøfta. Ei samla løysing reduserer behovet for framtidig graving, inngrep i landskapet og faren for skade på fauna, skog, fugle- og dyrelivet.

3. Betre sikkerheit og redusert vedlikehaldsbehov.

Kabel gjev betre driftssikkerheit gjennom å vera mindre utsett for vær, vind og lyn.

Ei kabla løysing samordna for begge linjene i same trase, minkar behovet for vedlikehald. Luftlinja har ei betydeleg større sikringssone. Grunneigarane må ta langt meir omsyn til ei luftlinje enn jordkabel ved arbeid og utvikling på og av eigedomane.

4. Framtidsretta løysing for bygda.

Ved å velja ei kabla løysing no investerer ein i moderne og bærekraftig infrastruktur som me meiner er i tråd med forventingane til miljø- og samfunnsansvar.

Når HS-linja på Ytre Bu og 22 kv linje på Indre Bu ein gong i framtida vert lagt i kabel, vil 132 kv linja vera einaste høgspennlinja på Bu som går i luftspenn.

Tidlegare 60 kv linja som gjekk frå trafoen på Bu og ned til fjordspennet over Eidfjorden vart endra frå luftlinja til kabel i 2007.

Ei kabla løysing vil involverte grunneigarar stå samla bak. Slik vil denne løysinga redusera eventuell konflikt med utbyggjar og mellom grunneigarane, både no og i framtida. Alle grunneigarane vil oppleva seg ivaretekne med kabla løysing. Samtlege grunneigarar er i dag i mot luftlinja og vil skapa konflikt.

5. Vurdering av kostnader.

Ei kabla løysing vil kunna medføra høgare byggjekostnad, men ved å samordna 22 kv linja med 132 kv linja vil dette igjen kunna gje innsparingar.

Gravinga vil føregå i relativt lett terreng.

Over tid vil ei kabelgrøft gje lågare vedlikehaldskostnad.

Grunneigarane vil vera imøtekomande ved minnelege avtalar og gjer

kostnadsfri tilgang til å føra kabel i jord. Grunneigarane vil vera imøtekomande og bidra med lokalkunnskap på eventuell plassering av kabeltrase.

Samla sett samfunnsøkonomiske og miljømessige gevinstar.

Ei nedgrave løysing vil bidra til å auka trivnad og redusert konflikt med utbyggjar og mellom grunneigarane.

Auka verdi for lokalsamfunnet ved å fjerna eksisterande luftlinja som i dag forstyrrar landskapet og er svært skjemmande i utsikta frå bustadhus og friluftsområde.








Det fremjar bygda og gjer den meir attraktiv som buplass og kan vera

med å bidra til ei positiv utvikling, spesielt med tanke på næring og Bu som natur- og friluftsområdet.

Fuglelivet vert heller ikkje trua.

Me viser også til Rapporten frå Oslo Economics «Kabel som alternativ til luftledning».

- Kabel er å føretrekkja der det må takast omsyn til miljø og fauna.
- Der det er lett terreng å leggja kabel i, treng ikkje skilnaden på kostnaden verta så store mellom luftlinja og kabel. Me vil trekkja fram at her kan takast omsyn til framtidig kabelgrøft for 22 kv linja og det kan leggjast til rette for kabelframføring for 132 kv linja.

	Jan Arne Bu Gard 1 Bruk 1
	Ingunn Bu Gard 1 Bruk 1
	Magnar Hereid Gard 1 Bruk 2
	Monica Hereid Gard 1 Bruk 2
	Tore Tøn Gard 1 Bruk 3
	Margrethe Bu Gard 1 Bruk 3
	Einar Nagel Erichsen Gard 1 Bruk 4
	Bjørn Vidar Sørheim Gard 1 Bruk 5
	Malin Bu Gard 1 Bruk 5
	Gjermund Hellevang Gard 1 Bruk 7
	Jon Bjotveit Gard 1 Bruk 8

Arne G. Bu	Arne G. Bu Gard 1 Bruk 18
Kari Helland Bu	Kari Helland Bu Gard 1 Bruk 18
Onar Herand	Onar Herand Gard 129 Bruk 8
Nina Herland	Nina Herand Gard 129 Bruk 8